

Referat frå styremøte 14. desember:

Til stades: Marit, Lars, Jomar

### **1. Økonomi**

Estimert underskot 2022 ca kr 20 000 (budsjett 49 300).

Sal av kajakk 3000 (budsjett 5000).

Noko mindre kursaktivitet enn rekna med.

-Bør søke meir midlar i 2023.

### **2. Årshjul reinhald**

Liste vert opphengt i naustet. Marit sender til gruppene.

### **3. Padleboka**

Få i gang i første del av 2023.

Prøve å få til gjennomgang på neste møte. Ansvar: Jomar.

### **4. Padleplan 2022 og 2023**

Oppsummering 2022 på neste møte.

2023: Møte med turleiarar i januar. Ansvar: Marit.

Oppstart seinast 4. mai. Avsluttast med Bulandstur 22.-24. september.

### **5. Kursaktivitet 2022 og 2023**

2022: Det vart eit grunnkurs, eit teknikkurs, i tillegg til leiarskapskurs.

2023: Det blir lagt opp til

- to grunnkurs

- aktivitetsleiarkurs m. Kjetil

- ev. eit vidaregåande kurs

- teknikkurs om behov

Spørsmål om BCU britisk 3-stjerner-kurs. Kan hjelpe med internannonsering og lokale om SKK-medlemer skal vere med.

### **6. Kommunikasjonsstrategi**

Utsett til neste møte. Ansvar: Ingvald

### **7. Ro- og padlelei i Vestland – orientering**

Prosjekt i regi av fylkeskommune og kystkommunar. Det skal kartleggast og legge til rette for eit heilheitleg nett av ro- og padleleier inkl. plassar for utsetjing, overnatting, ly og tolettfasilitetar. SKK blir kobla på i prosjekt i Kinn og Askvoll.

### **8. Forslag om badstu i Førde**

Bra forslag, men styret kan ikkje sjå at vi har kapasitet til initiativet i SKK, og vil helst overlata det til kommersielle interesser.

### **9. Årsmøtedato- og stad**

Aktuell dato 7. mars. Husk innkalling ein månad før.

Førde pensjonat er aktuell plass (for inntil 24 deltakarar).